

Slik brukar du feltet saka er drøfta/klarert med:

Dokumentasjon for fullført sakshandsaming skal først på elektronisk av ansvarleg sakshandsamar. Før på forkortinga for inst./avd./seksjon/sakshandsamar. Ansvarleg sakshandsamar signerer deretter for at saks-handlingane er utført. Saka skal deretter leggast til fylkesdirektøren for godkjenning. Før saka vert levert fylkes-rådmannen skal den vere signert (godkjent) av den fylkesdirektøren som har saksførebuingsansvaret. Hovud-utvalssaker som skal vidare til FU/FT skal vere godkjent og signert av fylkesrådmannen før utsending til hovudutvalsbehandling.

Elles bør feltet også nyttast når saka skal avsluttast i hovudutvalet, for å syne event. sakshandlingar/drøftingar med institusjonar/ andre avdelingar.

Saka er drøfta og klarert med:

Aktuell institusjon:		Forvaltningsavdelinga /Forv.dir.	
Annan avdeling:		- Personalseksjonen:	
Økonomiavdelinga:		- Bygge- og eigedomsseksjonen:	
Juridisk funksjon:		- Driftsseksjonen	
Andre:		- IT / Innkjøp	

Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:

Saka er godkjend av fylkesdirektøren:

Saka er godkjend av fylkesrådmannen:

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: *

Tal uprenta vedlegg: *

Tilskot til skogsbilvegar - organisering av ordninga

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeslandbruksstyret skal vere tildelingsorgan for det fylkeskommunale tilskotet til skogsbilvegar. Søknader om tilskot på inntil kr 50.000 vert likevel avgjort av fylkesmannen.
2. Fylkesmannen førebur sakene for fylkeslandbruksstyret og syter for iverksetjing av vedtaka.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å godkjenne interne retningsliner for handsaming og prioritering av søknadene.
4. Fylkesutvalet som klagenemnd skal vere klageinstans ved klage over tildeling av tilskot.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

I budsjettet 2006/økonomiplanen 2006-2009 løyvde fylkestinget 1 mill. kroner pr år til tilskot til skogsbilvegar for åra 2006-2009. Budsjettdokumentet inneheld ingen kommentarar om korleis løyvinga skal administrerast og organiserast. Fylkesutvalet må difor ta stilling til dette no.

I budsjettet er tilskotet plassert under Programområde 40 Plan og næring. Ansvar er såleis lagt til Regionalavdelinga.

Fylkesrådmannen har hatt drøftingar med fylkesmannen om korleis tildelinga av tilskotet skal administrerast. Fylkesmannen er innstilt på å ta arbeidet med førebuing av sakene for tildelingsorganet og iverksetjing av tildelingssakene. Spørsmålet er kven som skal vere tildelingsorgan. I drøftingane med fylkesmannen har det kome opp fire alternativ slik:

- Kontaktutvalet for jordbruk
- Fylkeslandbruksstyret
- Eit politisk organ under fylkestinget
- Fylkesmannen

Det er eit viktig spørsmål om tildelingsorganet skal vere eit politisk eller eit administrativ organ. Kontaktutvalet for jordbruk er samansett av skogfagleg og næringspolitisk kompetanse, og er neppe å rekne for eit demokratisk organ sjølv om ein fylkestingpolitikar frå fylkeslandbruksstyret er med. Dersom tildelingsorganet skal vere fylkeskommunalt kan det vere høveleg å leggje oppgåva til hovudutval for plan og næring. Då bør vel også førebuinga av sakene skje i fylkeskommunen. Eg ser ikkje dette som noko god ordning. Eg vurderer fylkeslandbruksstyret til å vere det mest høvelege tildelingsorganet. Styret er eit statleg organ oppnemnd av fylkestinget med heimel i jordlova. Av dei sju medlemene i styret er fire fylkestingmedlemer, og av varamedlemene er to fylkestingmedlemer og fire er varamedlemer til fylkestinget. Slik vil fylkestinget kunne ha ein viss innverknad på tildelinga.

Det kan vere tenleg at søknader med søknadssum under eit visst nivå vert avgjort av fylkesmannen. Dette kan vere praktisk der ikkje alle tilskota vert tildelte på ein gong, men i fleire omgangar. Eg vil tilrå at søknader med søknadssum på inntil kr 50.000 vert avgjort av fylkesmannen. Dette tilsvarar den mynda fylkesrådmannen har til å avgjere søknader på kulturmidlar som er på inntil kr 50.000

Det vil vere trong for utarbeiding av interne retningslinjer for handsaming og prioritering av søknadene. Fylkesmannen vil i samråd med kommunane lage utkast til slike retningslinjer. Fylkeskommunen bør ha eit ord med i laget her sidan det er fylkeskommunen som har det økonomiske ansvaret for tilskotsordninga. Eg rår til at fylkesrådmannen får mynde til å godkjenne retningslinjene.

Fylkesmannen reiser spørsmål om klagerett og klageinstans. Dersom tildelinga av tilskot skal skje etter utlysing og konkurranse, vil tildelingsvedtaket bli rekna som eit enkeltvedtak, og det gir klagerett. Fylkesmannen bør ikkje vere klageinstans dersom han skal førebu tildelingssakene, og dessutan også vere tildelingsorgan i nokon av sakene. Klageorganet bør liggje i fylkeskommunen, og då er det naturleg å nytte vår eksisterande ordning med fylkesutvalet som klageinstans. Det er ikkje høve til å la eit hovudutval vere klageinstans.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑